



› 4 Diverse tenesteområde

Diverse tenesteområde omhandlar fylgjande tenesteområde:

- Sosialtenester (NAV)
- Næring
- Skogbruk
- Viltforvaltning

Drift

4 diverse Tenesteområde		Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
Teneste	alle tal i heile 1000	2020	2020	2020	2019
1240	DIVERSE FELLEFSKJONAR	-	-	-	11
2420	SOSIAL RÅDGJEVING OG VEILEDNING	1 935	2 658	2 658	2 331
2430	TILBOD TIL PERSONAR MED RUSPROBLEM	-	-	-	10
2730	KOMMUNALE SYSSELSETTINGSTILTAK	-	3	3	-
2760	KVALIFISERINGSPROGRAM	1 202	923	923	1 021
2810	ØKONOMISK SOSIALHJELP	3 552	3 791	3 791	3 717
2851	NAV DRIFT - STATLEG DEL	-6	-3	-3	-5
3250	NÆRINGSKONTORET	1 183	1 877	1 877	1 505
3253	JORD- OG SKOGBRUK	525	533	533	518
3610	VILTFORVALTNING	148	43	43	59
Sum gruppeansvar: 4 DIVERSE TENESTEOMRÅDE		8 538	9 824	9 824	9 168

NAV Giske, sosiale tenester

NAV Giske hadde eit samla mindreforbruk i 2020 med kr 690 000. Mindreforbruket er knytta til sjukelønsrefusjon og ikkje leigd inn vikar. Tenesta sosialhjelp viser eit mindreforbruk kr 700 000. Kvalifiseringsprogrammet og sosialhjelp til flyktningar viser eit meirforbruk. Samla går tenestene i balanse.

Målekort

Mål	Kva er gjort?	Resultat 2020
-----	---------------	---------------

Mål	Kva er gjort?	Resultat 2020
Implementere Digitale innbyggjartenester, sosiale tenester (DIGISOS) i 2020	NAV Giske tok i bruk Digisos tidleg mars 2020. Dette vart eit svært viktig verktøy då korona-pandemien kom. Rask og effektiv saksbehandling. Fleire brukarar er sjølvstendige og søker digitalt om tenestene våre.	Målet er nådd
Minst oppretthalde plasseringa frå 2018 i kommunebarometeret for sosialhjelpsutgifter	På tross av koronasituasjonen har talet på personar som har motteke sosialhjelp i 2020 gått ned frå 2019. Talet på unge sosialhjelpsmottakarar har vore stabilt lavt.	Målet er nådd
Oppretthalde fokus og satsing på gjeldsrådgjeving	Koronasituasjonen vil få store ringverknader og at behovet for gjeldsrådgjeving med tunge saker vil auke framover.	Målet er nådd
Vurdere kvalifiseringsprogrammet (KVP) for brukarane og tilby program til alle som har fylt vilkåra.	Grunna korona, har fleire fått forlenga KVP. Dei som kan nytte seg tilbodet, får dette.	Målet er nådd.
Sette vilkår om aktivitet 2) ved tildeling av økonomisk sosialhjelp til brukarar under 30 år	Oppfølging av ungdom under 30 år er ein av våre hovedprioriteringar. Det er viktig med tidleg og tett oppfølging av denne gruppa. Det gode samarbeidet vi har med Giske Frivilligsentral har også hatt stor betydning. Tiltaket blir brukt som aktivitetskrav for mottakarar av sosialhjelp. Det blir også brukt som arbeidsretta aktivitet for brukarar med krevjande og samansatte utfordringar.	Målet er nådd
Ein trygg og sikker arbeidsplass	Grunna koronasituasjonen har kontoret vore stengt for fysisk oppmøte, om lag heile 2020.	Kontinuerleg arbeid
Systematisk HMS-arbeid	Grunna korona- og leiarsituasjon, har dette hatt mindre fokus i 2020.	Kontinuerleg arbeid
God økonomistyring	Mindreforbruk kr 690 000	Målet er nådd

Kostratal, sosiale tenester 2020

Nøkkeltal	Enhet	Giske	Kostragr 1	Landet utan Oslo
Sosialhjelpsmottakarar	Antal	102	5 279	110 053
Tal sosialhjelpsmottakarar 18-24 år	Antal	18	1 082	21 554
Sosialhjelpsmottakarar med sosialhjelp i 6 mnd eller meir	Antal	24	1 580	41 622
Sosialhjelpsmottakarar med arbeidsinntekt som hovudinntekt	Antal	16	662	12 661
Sosialhjelpsmottakarar med sosialhjelp som viktigaste kilde til livsopphald	Antal	37	1968	43 661
Sosialhjelpsmottakarar som bur i eigd bustad	Antal	13	569	8 111
Tal barn i familien som mottok sosialhjelp	Antal	54	2831	54 994

Tal under "Kostragr 1" viser sum alle kommunar i kostragruppe 1. Dermed vert det vanskeleg å samanlikne tal i Giske kommune opp mot kommunar i same kostragruppe.

Korona

NAV hadde på plass gode IKT løysningar, som gjorde det lettare å omstille arbeidet. Mottaket hjå NAV Giske har vore stengt for drop in. Eininga har likevel hatt stor fokus på å vere tilgjengelege for dei brukarane som har størst behov for bistand. NAV har oppretta vakttelefon for akutte behov. I tillegg er det lagt ut informasjon på kommunen si heimeside og på nav.no. Det er blitt gjennomført fysiske møter med brukarane som hadde behov for det, elles blei dei fleste møte halde digitalt.

Bærekraftsmål

1 og 2: Forebygge og redusere fattigdom, ta hensyn til barns beste. Tenesta arbeider kontinuerleg med oppgåver for å førebygge og redusere fattigdom.

8: Økt inkludering i arbeidslivet: Aktivitetar og samarbeid med ulike partar for å få fleire i aktivitet og arbeid.

17: Samarbeid mellom ulike enheter. Nav har gjennom året samarbeida med ulike tenester i kommunen, næringslivet og andre aktørar/partar. Samarbeidet har vore viktig for framgang og utvikling i brukarsaker.

